

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

**Vingardssøndag /14. søndag i treeiningstida – 21. august 2016**

Preiketekst: Matt 19,27-30

Lesetekst I: Jer 9,23-24

Lesetekst II: Fil 3,7-14

## DÅPEN, TENESTA OG HÅPET

### Vingardssøndagen

Tore Kopperud gir vingardssøndagen overskrifta «Nåde og teneste». Namnet på søndagen er henta frå likninga om arbeidarane i vingarden, evangelietekst i 1. rekke (Matt 20,1 ff). Vingardssøndagen fekk dette namnet i 1977, men nemninga hadde vore brukt som undertittel på dagen sidan 1918. Biskop Berggrav skreiv elles i 1947 om desse undertitlane at dei ikkje var «innarbeidet utenfor prestenes krets og knapt nok der».

Vingardssøndagen blei i liturgireforma i 2010 flytta frå openberringstida til treeiningstida og lagt til 14. søndag i treeiningstida. Hovudargumentet var at openberringstida ofte er så kort at det kunne bli år utan «vanlege» søndagar i denne kyrkjeårstida. I sakspapira til KM 2010 blir det argumentert med at fleire av søndagane tidleg på hausten har tenesta i Guds rike som tema, og at vingardssøndagen passar godt inn i denne samanhengen.

### Dagens evangelium, vers for vers

*Vers 27:* Disiplane er «heilt forstøkte» etter Jesu møte med den rike unge mannen (v 16-22), og ikkje minst etter den påfølgande disippelundervisninga (v 23-26). Peter stiller, truleg på vegne av heile gruppa, spørsmål om kva løn dei skulle få. Jesus svarar «til dei» (v 28).

*Vers 28:* Jesus gir Peter eit løfte om løn. Dei skal få ei rolle i den store domen! Det greske substantivet *palingenesia* blir i Bibel 2011 omsett «når alt skal fødast på nytt». Ordet blir elles bare brukt i Tit 3,5 og der om den nye fødsel i dåpen. Her i vår tekst blir det brukt om ei kosmisk hending og kan samanliknast med med språkbruken i gresk filosofi. Hans Kvalbein skriv at den jødiske filosofen Filo har ein liknande språkbruk i omtalen av fornyinga av jorda etter Noaflommen, og at det derfor ikkje er grunn til å hevda at språkbruken hos Matteus er påverka av gresk filosofi.

Menneskesonen skal i følgje teksten sjølv sitja på «kongsstolen sin i herlegdom». Dette er ein uvanleg tanke; det vanlege er at han sit «ved høgre handa åt Gud». Me finn tilsvarende uttrykk i 25,31. Kvalbein skriv: «Om det her virkelig tenkes på at Menneskesønnen skal sitte på Guds egen trone eller om tronen bare er et bilde på hans doms- og herskerfunksjon, lar seg vanskelig avgjøre. Hovedsaken i bildet er at Guds egen domsfullmakt overdras til Menneskesønnen (Joh 5,27).»

Utsegna om at disiplane skal sitja på tolv tronar og dømme dei tolv Israel-stammene, er vanskeleg å forstå. Kvalbein meiner at dette i alle høve er eit bilde på deira kongelege stilling, anten ein tolkar orda i bokstavleg eller ei vidare tyding. Han konkluderer drøftinga si med at det er «mer rimelig å

forstå det som uttrykk for en overveldende lønn de tolv skal få sammen med alle Jesu etterfølgere, enn for en særstilling spesielt for dem i evigheten».

*Vers 29:* Dette er eit framhald av Jesu løfte om løn til disiplane, men her blir det utvida til å bli eit ord til trøyst for alle som har forlate nokon eller noko for Jesu skuld. Den store løna er at dei alle skal arva det evige livet.

*Vers 30:* Verset er ein overgang som viser tilbake til det foregåande og samtidig peiker framover mot likninga om arbeidarane i vingarden i 20,1-16. Utsegna blir også gjentatt som avslutning på likninga. Det dreier seg om at ingen kan berekna løn i denne samanhengen, for Guds rike er eit «bakvendtland», jfr Matt 18,1-4.

## Til forkynninga

Carl Henrik Martling har ei preikeskisse med 3-4 underpunkt under kvart av desse tre hovudpunkta (Martling: Mitt i verkligheten, bd 1):

Att lämna allt och få ännu mera

1. Petrus hade lämnat mycket, men inte allt
2. Ingen har lämnat allt förrän han lämnat sig själv
3. Den som lämnat allt skall få ännu mera

Egil Morland vil ha frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden i tankane ved utarbeidinga av forkynninga (Luthersk Kirketidende 13/2016):

1. Kva med oss? Kven tenkjer på oss?
2. Han elska først – (1 Joh 4)
3. Vi elsker fordi han elska. Vi tener fordi han var vår lidande tenar.

Mitt bidrag er ei skisse til preike i ei gudsteneste i Den norske kyrkja, men temaet kan også tilpassast andre samanhengar. Preikedisposisjonen kan brukast anten det er dåp i gudstenesta eller ikkje, men innleiinga og vinklinga vil vera avhengig av dette.

Eg vil på bakgrunn av uttrykket «når alt skal fødst på nytt» i v 28, gå nærare inn på eit avsnitt i dåpsliturgien der nettopp samanhengen mellom den nye fødsel i dåpen og verda sin nye fødsel ved Jesu gjenkomst, blir poengtert: «*Kjære kyrkjelyd. Gjennom dåpen set Gud oss inn i si verdsvide kyrkje og gjev oss del i Jesu kall og oppdrag. Lat oss stå saman i vitnemål og teneste, inntil dagen kjem då alt det skapte skal bli forløyst ved vår frelsar, Jesus Kristus.*»

Dåpsliturgien i Dnk vil bli revidert på Kyrkjemøtet 2017 og denne formuleringa er ikkje med i forslaget som har vore ute til høyring. Men pr i dag er dette med i dåpsliturgien og eg foreslår at forkynnaren brukar vingardssøndagen 2016 til å utdjupa dette leddet for kyrkjelyden:

1. Vingardssøndagen og dåpen: Me høyrer som kristne til i ein stor samanheng og har alle gjennom dåpen fått del i Jesu kall og oppdrag.
2. Jesu ord i v 28f kan vera vanskelege å forstå. Dei må sjåast i samanheng med resten av eskjatologien i NT. Her vil eg framheva truvedkjenninga si formulering om Jesus: «... sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde».
3. Det er ein samanheng mellom det som skjer i dåpen og det som skal skje ved Jesu gjenkomst. Dette blir i NT omtalt som ein ny fødsel. Jfr også 1. Pet 1,3 som er med både i dåps- og gravferdsliturgien. Her er det (som vanleg) viktig å ikkje bare forkynna om evangeliet, men å forkynna evangeliet!

## Arne Berge

Sokneprest i Hinna, Ytre Stavanger prosti. Kretsleiar i Stavanger krets av Den Norske Israelsmisjon  
[berge.arne@gmail.com](mailto:berge.arne@gmail.com)